VEDTEKTER FOR HOLSEN GRENDALAG.

Vedtektene vart vedtekne på skipingsmøtet i Holsen skule, onsdag 10. juni 1987.

§ 1. FØREMÅL:

Grendalaget skal arbeide for framgong og trivsel for alle delar av bygda.
Laget skal arrangere bygdekveldar, og stå som ansvarleg for dei store fellesarrangementa i bygda. Årsmøtet vedtek kva arrangement som er aktuelle.
Laget skal vere høyringsorgan for kommunen i saker som vedkjem bygda.
Laget skal samarbeide med andre lag og organisasjonar i saker av felles interesse.
Laget skal vere partipolitisk nøytralt.
Laget sine arrangement i bygda skal vere rusfrie.

§ 2. MEDLEMSKAP:

Alle som bur i laget sitt område er medlemer. Laget femner om Holsen skulekrins.

§ 3. KONTINGENT:

Laget har ingen medlemskontingent.

§ 4. LEIINGA AV LAGET:

Styret.

Laget vert leia av eit styre med 5 medlemer geografisk fordelt i bygda. Styret skal vere samansett av formann, nestforman, sekretær, kasserar, og eitt styremedlem samt to varamenn.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styremedlemane, blant desse formann eller nestformann, er til stades.

Formannen eller i hans fråvær nestformannen, leiar styret sine møte.
Styrevedtak krev vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal har fungerande formann dobbeltstemme.
Alle saker og all korrespondanse skal leggast fram på styremøtet. Det skal førast protokoll frå styret sine møte.
Styret disponerer over laget sine midlar til vanlege administrative føremål og har rett til å løyve midlar til å setje årsmøtet sine vedtak ut i livet.
Rekneskapsåret er frå 1/1 - 31/12

Medlemsmøte:

Laget skal skipe til minst to medlemsmøte kvart år. Dersom styret finn det nødvendig vert det halde fleire. Møta skal innkallast med minst 8 dagars varsel.

Årsmøte:

Laget sitt øverste organ er årsmøtet. Ordinært årsmøte skal haldast innan mars månad. Styret avgjer tid og stad for årsmøte, og det skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel. Det skal gå fram av innkallinga kva saker som skal handsamast på årsmøtet.

Årsmøtet skal handsame:

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Innkomne framlegg
4. Val i høve § 5

Framlegg som skal handsamast på årsmøtet må vere komne skriftleg til styret seinast 3 veker før møtet.
Årsmøtet gjer vedtak med vanleg fleirtal blant dei framm-møtte.medlemer.
Endringar av vedtektene krev 2/3 fleital. Ein vald møteleiar styrer årsmøtet. Det vert ført protokoll frå årsmøtet som skal kunngjerast for alle medlemene.
Ekstra ordinært årsmøte skal haldast når styret finn det naudsynt, eller når minst 15 medlemer krev det.

§ 5. VAL:

Årsmøtet skal velje:

a) Formann
b) Fire styremedlemer: (nestformann, sekretær, kasserar og eitt styremedlem)
c) To varamenn
d) To revisorar
e) Valkomite på 3 medlemer med ein varamann.
f) Utsendingar
g) Eventuelle komitear

Formannen vert vald for eitt år om gongen, styremedlemene for to år. Ved skipinga vert to styremedlemer valde for eitt år, slik at det vert to på val kvart år. Varamenn og revisorar vert valde for eitt år. Alle kan ta attval. Eit medlem kan nekte attval for like lang tid som styreperoden han/ho har vore med.

VEDTEKTER HOLSEN GRENDALAG

§5. VAL

Årsmøtet skal velje:

a) Formann
b) Fire styremedlemer: (nestleiar, sekretær, kasserar og eitt styremedlem)
c) To varamenn
d) To revisorar
e) Valkomite på 3 medlemer med ein varamann
f) Utsendingar
g) Eventuelle komitear

Formannen vert vald for eitt år om gongen, styremedlemane for to år. Ved skipinga vert to styremedlemer valde for eitt år, slik at det vert to på val kvart år.

Varamenn og revisorar vert valde for eitt år.

Alle kan ta attval. Eit medlem kan nekte attval for like lang tid som styreperioden han/ho har vore med.

VALNEMDA`S ARBEIDSMÅTE

1. Informasjon frå styret til valnemda om tidspunkt for årsmøtet og kven som står på val.

2. Valnemda tek kontakt med alle dei aktuelle kandidatane som står på val for å avklare om attval eller ikkje.

3. Følgjande skal kontaktast kvart år:
   a. Styreleiar – står på val kvart år.
   b. Styremedlemer som står på val.
   c. Vara – står på val kvart år.
   d. Revisorar – står på val kvart år.
   e. Eventuelle kandidatar til nemder som årsmøtet skal velje (f.eks. lysnemd)

4. Det er naturleg at medlemane i valnemda fordelar arbeidet seg i mellom, og har ein plan for aktuelle kandidatar dei vil kontakte.

5. Det skal veljast ny valnemd kvart år på årsmøtet. Praktisk vil det vere ein fordel om minimum eitt medlem av nemnda forset, for å sikre kontinuitet og at informasjon frå siste års valnemd sitt arbeid kjem ny valnemd til gode.

   VEDTEKTENE OM VAL HOLSEN GRENDALAG OG VALNEMDA`S ARBEIDSMÅTE MÅ VALNEMNDA FÅ I HENDE VED KVART VAL.

§ 6. OPPLØYSING AV LAGET:

Vedtak om at laget skal oppløysast kan berre finne stad når minst 3/4 av alle medlemene skriftleg har godkjent det. Laget sine midlar skal då brukast til beste for alle innbyggarane i Holsen.